



Arkivnr: 2015/1439-10
Saksbehandlar: Jone Engelsvold

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.05.2017
Fylkestinget		13.06.2017

Årsrapport 2016 for Regionalt forskingsfond Vestlandet

Samandrag

Kunnskapsdepartementet har i sine retningsliner for Regionale forskingsfond fastsett at kvart fond skal lage ein årsrapport om verksemda. Rapporten skal både sendast Kunnskapsdepartementet og leggjast fram for fylkestinga i fondsregionen.

Årsrapporten for Regionalt forskingsfond Vestlandet vert lagt fram for dei tre fylkestinga til godkjenning. Som tidlegare år skal rapporten også leggjast til grunn for eventuelle supplerande føringar frå fylkestinga til styret i fondet.

2016 har vore eit svært aktivt år, der fondet har motteke 179 søknader og tildelt 59,2 millionar kroner til 62 forskingsprosjekt med potensial for innovasjon og verdiskaping på Vestlandet.

Som det går fram av rapporten kjem Hordaland godt ut samanlikna med dei to andre fylka i fondsregionen. Halvdelen av alle tilsegn frå fondet i 2016 er til ei bedrift eller ein kommunal organisasjon i Hordaland.

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner Årsrapport 2016 frå Regionalt forskingsfond Vestlandet

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 06.04.2017



ÅRSRAPPORT 2016

0 HOVUDRESULAT -SAMANDRAG

For Regionalt forskingsfond Vestlandet var 2016 eit svært aktivt år der sentrale ambisjonar vart møtt.

Medverka til omstilling på Vestlandet

Representantar for styret møtte Kunnskapsministeren august 2015, og la fram eit ønske om auka løyving for å bidra til omstilling frå eit sterkt petroleumsprega næringsliv med vanskar. Fondet fekk i 2016 rekordstor overføring av midlar frå Kunnskapsdepartementet på 54,2 millionar kroner, der 15,5 var ei ekstra løyving for å bidra til omstilling innan nærings- og arbeidsliv på Vestlandet. Styret valde å rette den ekstra løyvinga inn mot utlysingane av dei meir kortsiktige forskingsprosjekta, slik at pengar raskt kunne komme i arbeid for innovasjon og ny verdiskaping. Responsen frå bedrifter og kommunar på Vestlandet har vore stor. Samla er det teke i mot 179 søknader om prosjektstøtte.

Regionalt forskingsfond Vestlandet har medverka til å sette i verk innleiande forskings- og innovasjonsarbeide i 32 bedrifter og større innovasjonsretta forskingsarbeide i 10 bedrifter. Vidare er det medverka til å sette i verk 19 kommunale innovasjonsprosjekt, 14 av desse som innleiande kvalifiseringsarbeider. Alle prosjekta er vurdert å ha eit bidrag til forskingsbasert omstilling på Vestlandet.

Styret vurderer det slik at fondet har nådd eit hovudmål for arbeidet i 2016 ved å ta i mot og kunne finansiere eit så stort tal innovasjonsforskningsprosjekt med omstillingspotensiale.

Mobilisering

Regional forskingsfond Vestlandet legg stor vekt på mobilisering av bedrifter og kommunar til å ta i bruk forskning som verktøy i sitt innovasjonsarbeide. Fondet har i 2016 vore sentral i organiseringa av 11 søkjarkurs/prosjektverkstader med til saman 210 representantar for bedrifter, kommunar og forskingsmiljø. Nær kontakt med søkjarar er eit viktig mål for forskingsfondet.

Formidling og synleggjering

Regionalt forskingsfond Vestlandet legg stor vekt på ein aktiv kommunikasjonsstrategi. Synleggjering og spreiding av forskingsresultat er vesentleg for å motivere interesse, men også for å sette forskingsresultata ut i aktivt innovasjonsarbeide. Fondet er aktiv bidragsytar til viktigaste formidlingskanalen www.forsking.no og har den mest besøkte heimesida av alle dei regionale forskingsfonda i Noreg. Det er vidare lagt vekt på formidling av samla prosjektkatalog med lenke til artiklar. Dessutan er det eit aktivt presseopplegg ved styret si tildeling av hovudprosjekt. Det er også gledeleg at prosjekta rapporterer om auka formidling i eiga regi. Det er i 2016 mellom anna publisert 15 vitenskaplege artiklar og 82 presseoppslag.

Innhold

1 OM REGIONALT FORSKNINGSFOND VESTLANDET – BAKGRUNN, UTFORDRINGAR, MÅL OG PRIORITERINGAR

- 1 a) Nasjonale mål og retningslinjer for ordninga
- 1 b) Utfordringar, mål og prioriteringar for Regionalt forskingsfond Vestlandet

2 AKTIVITETAR I 2016

- 2 a) Styresamansetning og styret sitt arbeid
- 2 b) Vertsfylkeskommune og oppgåver i sekretariat for fondet
- 2 c) Informasjonsaktivitetar/formidling
- 2 d) Tiltak for å nå spesielle grupper

3 UTLYSINGAR OG TILDELINGAR

- 3 a) Utlysing av midlar til kvalifiseringsstøtte – ei særleg satsing på å bidra til omstilling i nærings- og arbeidsliv
- 3 b) Rekordstort mottak av søknader om regional kvalifiseringsstønad i 2016
- 3 c) Støtte til søknader om regional kvalifiseringsprosjekt mottatt 2016
- 3 d) Mottekne søknader om stønad til hovudprosjekt i 2016
- 3 e) Støtte til regionale bedriftsprosjekt og regionale offentlege prosjekt (hovudprosjekt) i 2016
- 3 f) Tildelingar i sum

4 ØKONOMISK RAPPORT

- 4 a) Løyvinga frå Kunnskapsdepartementet og anna finansiering
- 4 b) Rekneskap 2016 og disponibelt i 2017

5 RESULTATRAPPORTERING FRÅ PROSJEKTA

- 5 a) Indikatorar med omsyn til tildeling
- 5 b) Status for avslutning av prosjekt
- 5 c) Resultat frå prosjekta på sentrale indikatorar
- 5 d) Finansiering av prosjekt – egne og andre sine midlar
- 5 e) Rekruttering til andre virkemidlar;

6 RESULTAT FRÅ OPERATIVE MÅL I HANDLINGSPLAN 2016

1 OM REGIONALT FORSKNINGSFOND VESTLANDET – BAKGRUNN, UTFORDRINGAR, MÅL OG PRIORITERINGAR

1 a) Nasjonale mål og retningsliner for ordninga

Som del av Forvaltningsreforma vedtok Stortinget i 2009 å opprette Regionale forskingsfond med slike føremål:

- Styrke forskning for regional innovasjon og regional utvikling.
- Finansiere forskningsprosjekter av god kvalitet innenfor regionenes prioriterte innsatsområder.
- Medvirke til at bedrifter og offentlige virksomheter øker sin innovasjonsevne, verdiskaping og konkurransekraft ved å initiere og ta i bruk resultater fra FoU.
- Stimulere til et tettere samarbeid mellom FoU-institusjoner og styrke koblingene til næringsliv og offentlig sektor i egen region.
- Mobilisere til økt FoU-innsats i regionene.
- Bidra til at bedrifter og offentlige virksomheter hever sin kompetanse og innovasjonsevne ved å engasjere seg i FoU-arbeid.
- Styrke dialogen om forskningens relevans for regionale behov.
- Bidra til økt forskningskvalitet og utvikling av gode og konkurransedyktige FoU-miljøer i regionene.
- Bidra til langsiktig, grunnleggende kompetanseutvikling i FoU-institusjoner regionalt innenfor regionenes prioriterte satsingsområder.
- Knytte institusjonenes FoU-kompetanse tettere til øvrige regionale FoU-aktiviteter.
- Skape utviklings- og læringsarenaer der regionale erfaringer kan drøftes i relasjon til nasjonal og internasjonal kunnskap og aktiviteter.
- Sørge for tett samspill mellom aktiviteter i regionene og deres relasjoner til andre nasjonale og internasjonale programmer og aktiviteter.

Kunnskapsdepartementet har fastsett retningsliner som gir rammer for aktiviteten i dei regionale fonda . Dokumentet er å finna her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinjer-regionale-forskningsfond/id593488/>

Det er oppretta sju regionale forskingsfondregionar. Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane dannar fondsregion Vestlandet. Hordaland fylkeskommune er oppnemnt som vertsfylkeskommune etter ein avtale mellom dei tre fylkeskommunane.

1 b) **Utfordringar, mål og prioriteringar for Regionalt forskingsfond Vestlandet**

Kunnskapsdepartementet sine retningslinjer gir hovudretninga og rammeverk for arbeidet med Regionalt forskingsfond Vestlandet (RFF Vestlandet).

Fylkestinga i fondsregionen nemner opp fondsstyre og vedtek i kvar valperiode den felles bestillinga som styret skal arbeide etter.

Bestillingsbrev som gir føringar for arbeidet i Regionalt forskingsfond Vestlandet

Fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane vedtok i desember 2015 ei ny bestilling til RFF Vestlandet. Bestillinga skal gjelde frå 2016 – 2019.

Bestillingsbrevet skal danne hovudretninga for dei årlige prioriteringane av fondet og skal gi fondsstyret rom for å justere kursen utan å gå vegen om nye strategidokument¹ (KD 2009b:16).

Bestillingsbrevet tek utgangspunkt i dei tre fylkeskommunane sine forskingsstrategiar og andre politiske styringsdokument med verknad for FoU arbeidet – slik som Regional planstrategi.

Bestillingsbrevet til Regionalt forskingsfond Vestlandet definerer sentrale utfordringar, mål og prioriterte tema for arbeidet med fondet.

Heile dokumentet er å finne her: http://www.regionaleforskingsfond.no/prognett-vestlandet/Sentrale_dokument/1253953763287

Vestnorske særtrekk og sentrale utfordringar

Bestillinga til RFF Vestlandet tek utgangspunkt i ei vurdering av sentrale utfordringar for Vestlandet det forskning vil kunne spele ei viktig rolle for endring og omstilling. Utfordringane er knytt til desse fem overskriftene:

- *Oljeøkonomien og behovet for fleire bein å stå på*
- *Hav og energi - potensiale for nye koplingar mellom næringsområder*
- *Bioøkonomi – bygge vidare på tradisjonar innan fiskeri og landbruk*
- *Innovasjon i offentleg sektor*
- *Demografi, sentralisering og større etnisk mangfald*

Regionale mål og føringar for arbeidet med RFF Vestlandet

RFF Vestlandet skal vere ein sentral drivar for innovasjon ved å mobilisere til og finansiere forskingsprosjekt av god kvalitet innanfor regionalt prioriterte innsatsområde:

- Verdiskaping i næringsliv og offentleg sektor
- Evne til innovasjon og omstilling – no og i framtida
- Gode klima- og miljøløysingar

Prioriterte forskningstema i perioden 2016 - 2019:

RFF Vestlandet skal med utgangspunkt i sentrale utfordringar og prioriterte innsatsområde for Vestlandet mobilisere til og finansiere forskning innan desse tema:

1. Nye berekraftige løysingar som byggjer vidare på teknologi og kompetanse innan hav-energiøkonomien, her inkludert heile spekteret av maritime næringar.

¹ Kunnskapsdepartementet (KD) 2009b: Utredning om vidare utforming av regionale forskingsfond. Avgitt til Kunnskapsdepartementet 02.06.09..

2. Sterke næringsmiljø på heile Vestlandet. Det skal også vere ei særleg merksemd på industrialisering og vidareforedling av råvarer.
3. Bærekraftig matproduksjon og nye samanhengar innan bioøkonomi
4. Innovasjon i offentleg sektor – med vekt på tenesteproduksjon og samfunnsutvikling i kommunane
5. Smarte, berekraftige, klimavennlege og langsiktige løysingar for Vestlandet, samt korleis vi forstår drivkreftene i utviklinga av landsdelen vår.

Det vert føresett at fondsstyret er merksam på balansen mellom offentlege og bedriftsretta prosjekt.

Tematiske tilleggsføringar frå Fylkestinga i Sogn og Fjordane og Rogaland sendt styret for fondet:

- Teknologitviking basert på digitale forretningsmodellar tilpassa den eksponensielle naturen i internettøkonomien (eksempel: Spotify, Uber, Tesla Motors forretningsmodell for bil/software-oppraderinger, 3D).
- Rogaland: – Teknologitvikelingsbasert fartøy med hel eller delvis elektrisk framdrift

Finansiære brukarstyrt forskning med innovasjonspotensiale

RFF Vestlandet skal arbeide for at forskning fondet finansierer gir ny kunnskap med potensiale for innovasjon i bedrifter og i offentleg sektor. For å oppnå dette best skal fondet halde fram sitt hovudfokus på brukarstyrt forskning. Det betyr at det som hovudregel skal vere bedrifter og organisasjonar knytt til kommunale organisasjonar som kan vere prosjektansvarleg søkjarar til fondet.

Knytt til spesielle satsingar eller tema for utlysing kan det vere behov for sterkare forskarmedverknad også i det administrative arbeidet med søknader. I desse tilfella kan fondsstyret opne opp for at forskings- og utdanningsinstitusjonar står som prosjektansvarleg søkjar.

RFF Vestlandet skal vurdere om det er grunnlag for å etablere særlege programsatsingar innan utvalde temaområde. Eit verktøy vil vere å aktivt kople aktørar med ulik funksjon innan særleg prioriterte verdikjeder eller utviklingsområder.

Søknadstypar

RFF Vestlandet skal som hovudregel lyse ut midlar innan søknadstypane

Regional kvalifiseringsstøtte (forprosjekt) og Regionale bedriftsprosjekt/Regionale offentlege prosjekt (hovudprosjekt). Knytt til spesielle satsingar eller tema for utlysing kan det vere behov for å nytte andre søknadstypar. Fondsstyret kan i desse tilfella opne opp for dette.

Samhandling med andre virkemiddel

RFF Vestlandet skal legge vekt på å samordne aktiviteten inn mot andre relaterte finansieringsordningar. Fondet skal særleg koordinere aktiviteten sin inn mot fylkeskommunane sine utviklingsmidlar og Innovasjon Noreg sine støttemidlar. Fondet må til ei kvar tid vurdere sine utlysingar i høve til Noreg forskingsråd sine satsingar og utlysingar, slik at fondet står fram mest mogeleg komplementært til desse.

RFF Vestlandet skal samarbeide med dei fylkeskommunale VRI prosjekta og det regionvise mobiliseringsarbeidet som kjem etter at VRI prosjektet er stilt ferdig. Her skal fondet søkje felles fokus på mobilisering av bedrifter til forskning i regionen.

RFF Vestlandet skal søkje å mobilisere bedrifter og offentleg sektor til internasjonalt forskingssamarbeid og særleg ei deltaking i Horisont 2020. Styret for fondet må vurdere forskingsfinansieringa også i høve til internasjonale verktøy som TRL skalaen som EU nyttar.

2 AKTIVITETAR I 2016

2 a Styresamansetning og styret sitt arbeid

Styret for Regionalt forskingsfond Vestlandet er oppnemnt av dei tre fylkeskommunane og staten ved Noregs forskingsråd. Det noverande styre vart oppnemnt etter fylkestingsvalet i 2015, og tok til med arbeidet sitt i 2016. Styret har i 2016 hatt slik samansetning:

Namn	Funksjon i styret	Arbeidsstad/stilling
ROGALAND		
Solveig Ege Tengesdal	Styreleiar	Fylkesordførar
Sigmund Lunde	Styremedlem	Bedriftsleiar/styreleiar fleire selskap
Marianne Chesak	1. vara	Fylkesvaraordførar
Kjetil M Stuland	2. vara	Technology Venture AS - partnar
HORDALAND		
Anne Gine Hestetun	Nestleiar i styret	Fylkesordførar
Ole Hope	Styremedlem	Business Region Bergen, administrerande direktør
Pål Kårbø	1. vara	Fylkesvaraordførar
Astrid Toft	2. vara	KS Hordaland, dagleg leiar
SOGN OG FJORDANE		
Jenny Følling	Styremedlem	Fylkesordførar
Steinar Dvergsdal	Styremedlem	Gardbrukar. Diverse styreverv landbruk/mat /reiseliv
Åshild Kjelsnes	1. vara	Fylkesvaraordførar
Stein Joar Hegland	2. vara	Høgskulen i Sogn og Fjordane, dekan/forskar
STATEN		
Anne Siri Høiland	Styremedlem	TINE Spesialprodukt, direktør
Asle Lygre	Styremedlem	Idevekst Energi as, partnar
Ragnar Tvetervås	1. vara	Universitetet i Stavanger, professor/leiar Senter for innovasjonsforskning
Merete Lunde	2. vara	Vestlandsforskning, direktør
Dag Lothe	Observatør	Noregs forskingsråd, regionansvarleg Sogn og Fjordane

Styret har i 2016 hatt tre møte:

- 25 og 26. februar i Bergen.
 - o Dette var første møte med nytt styre. Både styremedlemer og vararepresentantar til styret deltok. Møtet varte frå ettermiddagen 25. februar til ettermiddag dag 2.
 - o Viktige saker til behandling
 - Introduksjon til ordninga med Regionale forskingsfond
 - Forskingsformidling
 - Styrearbeidet i perioden
 - Opplegg for Handlingsplan 2016
 - Regional kvalifiseringsstøtte
 - Kommunikasjonsstrategi
 - Årsrapport 2015
 - Framtida til «15 % potten»

- 2. juni i Trondheim,
 - o Møtet var organisert i samband med årskonferansen for Regionale forskingsfond 1. og 2. juni der styremedlemeren deltok
 - o Saker til behandling var mellom anna:
 - Refleksjonar rundt årskonferansen
 - Orientering om administrative vedtak om regional kvalifiseringsstøtte
 - Behandling av søknader om hovudprosjekt etter fristen i februar
 - Endeleg vedtak av Handlingsplan 2016 – 2017

- 26. oktober i Bergen.
 - o Før saksbehandlinga fekk styret presentasjon av prosjektet «Omsorgsteknologi i kommunane» der Lindås kommune samarbeider med Høgskulen i Bergen.
 - o Styresaker til behandling var mellom anna
 - Regionreforma og Regionale forskingsfond
 - Endra praksis av statsstøtteregulverket med verknad for RFF
 - Innkomne klagesaker og prosedyre for styret si første behandling av desse
 - Handlingsplan 2017 – 2018
 - Orientering om resultat av avslutta regionale kvalifiseringsprosjekt

- Styret har i tillegg avgjort nokre saker gjennom e post rundar. Mellom desse har vore
 - o Vurdering av vidare utlysing av regional kvalifiseringsstøtte etter stor pågang før sommaren 2016. Prinsipp for øvste ramme for tildeling
 - o Tildeling av midlar til regional kvalifiseringsstøtte for prosjekt med søknadssum mellom 500 000 og 800 000
 - o Innleiande behandling av to klagesaker
 - o Møteplanlegging

- Styret har også engasjert seg i behovet for auka satsing på omstilling på Vestlandet, og har sendt brev både til Kunnskapsdepartementet og to storingskomitear vedkomande dette.
- Styret har vore representert på 2 styreleiarssamlingar for alle dei regionale fonda.
- Styret har engasjert seg i planane for endring av ordninga med Regionale forskingsfond i samband med regionreforma, og har mellom anna sendt brev til alle Stortingsrepresentantane frå dei tre Vestlandsfylka om dette.

2 b Vertsfylkeskommune og oppgaver i sekretariat for fondet

Etter ein avtale mellom dei tre fylkeskommunane er Hordaland fylkeskommune vertsfylkeskommune. Hordaland fylkeskommune har dermed det formelle rapporteringsansvaret ovanfor Kunnskapsdepartementet, og forvaltar dei tildelte fondsmidlane etter dei retningslinene som departementet har gitt.

Sekretariatet har stillingsressursari alle dei tre fylkeskommunane. I 2016 har bemanninga vore slik:

- **Hordaland**
 Jone Engelsen, 75 % stilling, sekretariatsleiar. 25 % dekket av Hordaland fylkeskommune.
 Randi Lotsberg, 75 % stilling, seniorrådgivar. 25 % dekket av Hordaland fylkeskommune.
 Rajwinder Kaur Daphu, 100 % stilling, prosjektøkonom/Controller
- **Sogn og Fjordane**
 Arne Monrad Johnsen, seniorrådgivar, 100 % stilling
- **Rogaland**
 Turi Kvame Lorentzen, rådgivar, 50 % stilling

Sekretariatet førebur styret sitt arbeid. Sekretariatet har i 2016 også hatt ansvar for oppgaver som:

Utlysingar

Sekretariatet publiserer utlysingstekst i Forskingsrådet sitt system eSøknads, og ser til at alle vurderingskriterium er riktige i behandlingssystemet eVurdering. I 2016 har det vore utlysingar av hovudprosjekt både vår og haust, samt løpande utlysing av regional kvalifiseringsstøtte.

Mottak av søknader

Sekretariatet får alle søknader inn i eVurdering, som Forskingsrådet administrerer. Sidan vert alle søknader arkivert i Hordaland fylkeskommune sitt arkivsystem ePhorte. Alle søknader med tilsegn vert seinare ført inn i prosjektstyringsverktøyet Regionalforvaltning. I 2016 tok fondet imot 179 søknader, som er 56 fleire søknader enn i 2015.

Vurdering av søknader

Alle søknader vert først «forvurdert» - der sekretariatet sjekkar om det manglar obligatoriske vedlegg eller om søknaden har andre formelle feil i høve til utlysinga. 46 søknader vart i 2016 avvist på formelt grunnlag. Fleire av desse vart omarbeidd og sendt inn på nytt. 133 søknader kom vidare til fagleg vurdering, med slik prosedyre:

- 85 søknader om regional kvalifiseringsstøtte er vurdert i regionalt fagpanel, der sekretariatet organiserer 2-3 personar med fag- og forskingsbakgrunn som vurderingskomite. Dei fleste møta er gjennomført som telefonkonferanse.
- 48 søknader om hovudprosjekt er vurdert av nasjonale fagpanel, organisert av Forskingsrådet i Oslo. Sekretariatet følgjer vurderinga som observatør.
- Etter fagpanel går sekretariatet i RFF Vestlandet gjennom eit sett med administrative vurderingskriterium, mellom anna kor vidt prosjektet når mål om regional relevans.

Innstilling og vedtak om støtte

Sekretariatet lager innstilling til kvar søknad som er fagleg vurdert og legg dette fram for styret. Unnataket har vore ordninga med administrativ fullmakt til å fatte vedtak i søknader om regional kvalifiseringsstøtte. Dette vart endra hausten 2016, då sekretariatet fremja forslag om å leggje også desse vedtaka til styret.

Tilsegn og kontrakt med prosjekt

Alle søknader får svarbrev med grunngeving for vedtaket. Søknader som har vore i fagpanel får referert karaktervurderinga og ein tekst som peiker på sterke og svake sider ved søknaden.

Tilsegn om støtte til hovudprosjekt vert følgt opp med kontraktmøte og i mange tilfelle ein prosess med justering før kontrakt og samarbeidsavtalar er signert og klar. Sekretariatet bruker mykje tid på å avklare

formelle reglar knytt til bedriftsretta statsstøtte, der praksis i 2016 har vorte skjerpa som følgje av ein ESA gjennomgang av Forskringsrådet sine ordningar med innovasjonsprosjekt i næringslivet.

Rapportering og økonomioppfølging av prosjekt

Alle hovudprosjekt med støtte skal rapportere framdrift og regnskap ein gong i året. For 2016 er det motteke 60 aktivitetsrapportar. Økonomirapporteringa skjer innan 1. mars, og det er ofte behov for mykje kontakt med prosjekta for å justere forbetre rapporten før godkjenning og utbetaling. Først sommaren 2016 var all økonomirapportering godkjent og utbetalt frå fondet.

I tillegg har sekretariatet hatt eit særleg fokus på desse oppgåvene:

2 c Informasjonsaktivitetar/formidling

Fondet har vedteke ein kommunikasjonsstrategi. Målet i strategien er «*Næringsliv, forskingsinstitusjonar og offentleg sektor på Vestlandet skal ha god kjennskap til og oppfatte fondet som ein viktig pådrivar for forskingsdriven innovasjon i regionen.*»

I 2016 har desse tiltaka vore prioriterte:

- Publisere artiklar om forskingsprosjekt på forskning.no og/eller i andre medium
Målet var å publisere 3 – 6 artiklar frå avslutta prosjekt i 2016. Resultatet var 4. Lenke til artiklane er å finne her:

Økonomi trumfar økologi i reiselivet: <http://forskning.no/2016/11/okonomi-okologi-reiselivet/produisert-og-finansiert-av/de-regionale-forskningsfondene>

Eldre blir buande lenger heime med omsorgsteknologi: <http://forskning.no/2016/11/positive-effektar-av-omsorgsteknologi/produisert-og-finansiert-av/de-regionale>

Vil fjerne soppen frå salaten: <http://forskning.no/mat-landbruk-planteverden/2016/03/vil-fjerne-soppen-fra-salaten>

Oppdrettslaks ømfintleg for CO₂: <http://forskning.no/fiskehelse-oppdrett/2016/01/oppdrettslaks-omfintleg-co2>

- Informere om pågåande forskingsprosjekt og resultat på fondet si nettside.
I 2016 har det vore lagt ned arbeid i å lage betre oversikt over prosjekt som har fått støtte frå fondet. Det er framleis rom for forbetringar, men det er spørsmål om kor mykje ressursar vi skal legge i dette før det eventuelt kjem ein samla prosjektbank/arkiv for dei regionale forskingsfonda.
Vidare har vi lagt ut fleire sakar på eigen side, basert på artiklar som er publisert på til dømes forskning.no, om resultatata frå prosjekt som er avslutta.
- Sikre at prosjekt som har fått støtte gjennomfører formidlingsplanen i søknaden, inkludert dei ålment retta tiltaka
Vi legg no enno større vekt på dette allereie under kontraktforhandlingar. Erfaringa er at dei aller fleste prosjekt gjennomfører planen, med nokre unntak særleg frå bedrifter som ikkje ønskjer publisitet om forskning før dei har fått beskytta produkt e.l.
- Sende ut pressemeldingar og få ut informasjon om tildeling av midlar til nye forskingsprosjekt på fondet si nettside og nettsidene til fylkeskommunane.
I etterkant av styremøte vert det sendt ut skreddarsydd pressemeldingar for aviser og andre media i dei tre fylka, og nettstader med ulike geografiske nedslagsfelt og for ulike fag- og bransjepublikasjonar. Dette har ført til betydeleg mediemerksemd om dei nye hovudprosjekta som får støtte.

Bruk av nettsida vår og nyhendebrevet har auka frå i fjor. I 2016 hadde nettsida til RFF Vestlandet 13 876 besøk. Det er fleire enn dei andre fondsregionane, og fleire enn mange program i Forskringsrådet.

2 d Tiltak for å nå spesielle grupper

Viktigaste tiltak for å mobilisere nye grupper til å søkje forskingsmidlar har vore fylkesvise informasjonsmøte og søkjarkurs (prosjektverkstad).

Særleg i Hordaland og i Sogn og Fjordane er det arbeidd nært med regionansvarleg i Forskingsrådet om denne mobiliseringsaktiviteten. I Hordaland har ein nytta ein tilpassa modell av Forskingsrådet sitt opplegg for Prosjektverkstader. Det har og vore lagt vekt på å informere om andre ordningar i Forskingsrådet, Skattefunn og Horisont 2020. I tillegg har det vore mange individuelle møte, særleg med få bedrifter som jobba med søknader. Det har vore stor trong for hjelp kring statsstøtteproblematikk.

Det har vore slike informasjonsmøte/prosjektverkstad i 2016.

Rogaland:

Stavanger,	11. januar -	50 deltakarakar
Ryfylke, Hjelmeland,	11. april -	30 deltakarakar
Dalane, Eigersund, .	19. april -	13 deltakarakar
Stavanger,	22. august -	15 deltakarakar

Hordaland

Bergen,	25. januar -	25 deltakarakar
Bergen,	26. august -	25 deltakarakar, (for bedrifter)
Bergen,	15. september	9 deltakarakar (for bedrifter)
Bergen,	19. september	8 deltakarakar (for kommunar)

For fyrste gong vart det også arrangert Forskings- og innovasjonsverkstad for kommunar i samarbeid med KS Hordaland og Høgskulen i Bergen, som del av pilotprosjekt ut 2017 for å hjelpe kommunar å definere tema og problemstillingar for forskning. Tema for fyrste verkstad var «Trygge helse - og omsorgstenester som møter heimebuande sine behov». Det vil ta tid før vi veit resultatet av verkstaden i form av fleire og betre kommunale søknader.

Sogn og Fjordane

Arbeidet her vart lagt opp noko annleis i 2016. For å få nye søknader frå fylket, vart det halde fleire informasjonsmøte. Møta vart arrangerte saman med kommunale og interkommunale vekstselskap. Dette var nytt av året og ein fekk kontakt med fleire interesserte bedrifter enn tidlegare. Møta vart halde saman med Forskingsrådet sin regionansvarlege, og det vart alltid informert om både Forskingsrådet sine program, SkatteFUNN og RFF Vestlandet. Møta var:

Nordfjordeid,	5. september,	9 deltakarakar, (i samarbeid med Segel AS)
Førde,	8. september,	22 deltakarakar (i samarbeid med Sunnfjord Næringsutvikling). På dette møtet vart det også informert om Horizon 2020.
Dale,	22. september:	7 deltakarakar (i samarbeid med HAFS-utvikling.)

3 UTLYSINGAR OG TILDELINGAR

Styret for Regionalt forskingsfond Vestlandet bestemte for 2016 å lyse ut midlar til regional kvalifiseringsstøtte og hovudprosjekt. Målgruppa var både offentleg sektor og næringslivet, der prosjektansvarleg skal vere heimemehøyrende i eitt av dei tre fylka i fondsregionen.

3 a Utlysing av midlar til kvalifiseringsstøtte – ei særleg satsing på å bidra til omstilling i nærings- og arbeidsliv

Styret vurderte det slik at regional kvalifiseringsstøtte var eit særleg godt egna grep til raskt å kome til hjelp for naudsynt arbeide med omstilling i arbeids- og næringsliv. Den ekstra løyvinga på 13 millionar kroner frå Stortinget i årsbudsjettet, og seinare 2,5 millionar kroner tilført i samband med revidert Statsbudsjett, gjorde fondet i stand til å auke tilskotsramma for regional kvalifiseringsstøtte frå kr. 6 millionar i 2015 til 18 millionar kroner i 2016.

Tematisk vart utlysingane ulike før og etter sommaren. Det nye styret nyttar første halvår av si virketid til å få fram sin eigen handlingsplan basert på den nye bestillinga frå desember 2015. Utlysinga første halvår baserte seg derfor på gammal bestilling, medan utlysingar etter sommaren 2016 baserte seg på ny bestilling og det nye styret sin første eigne handlingsplan.

Utlysingstema første halvår – vidareføring av gamal bestilling

- a) Berekraftig matproduksjon innanfor grøn og blå sektor
- b) Energi
- c) Offentlege utviklingsoppgåver på Vestlandet
- d) Berekraftig reiseliv

Utlysingstema andre halvår – basert på ny bestilling

- a) Nye berekraftige og klimavenlege innovasjonar basert på teknologi innan hav- og energinæringane.
- b) Berekraftig matproduksjon og bioøkonomi
- c) Kommunal sektor – tenesteproduksjon og samfunnsutvikling

Løpande frist for regional kvalifiseringsstøtte

For fjerde året på rad var det ingen søknadsfrist for kvalifiseringsprosjektsøknader. Fram til oktober 2016 fekk søknadene administrativt vedtak etter styrefullmakt. Frå oktober 2016 vart ordninga lagt om til ein modell der søknader vert lagt fram for styret 4 gonger i året. Det er i prinsippet løpande søknadsfrist så lenge det er midlar att, men for den praktiske handteringa er det sett opp datoar for når ein søknad må vere inne for å nå neste styrebehandling.

Auka tilskotsramme for å bidra til omstilling

Som del av innsatsen retta mot å bidra til omstilling vart det gjort nokre endringar i tilskotramma for prosjekta frå 2016:

- Generelt vart det opna for søknad om inntil kr. 500 000 i regional kvalifiseringsstøtte
- I tillegg vart det som ei prøveordning våren/sommaren innført ei øvre støtteramme inntil kr. 800.000 når prosjekta:
- inkludere innleiande forskingsarbeide ut over det som er vanleg i kvalifiseringsfasen
 - gjere det tydeleg korleis prosjektet vil kunne bidra til å løyse utfordringar knytt til omstilling i bedrifter på Vestlandet
 - gjere spesielt greie for venta verdiskapings- og innovasjonspotensialet frå resultatata av forskingsarbeidet

3 b Rekordstort mottak av søknader om regional kvalifiseringsstønad i 2016

Oversyn over innkomne søknader i 2016

Det var svært stor pågang av søknader i 2016. I alt er det motteke 115 søknader dette året.

Talet inkluderer 30 søknader med formelle feil. Svært mange av disse retta feila og sendte inn på nytt, og er slik sett registrert to gonger i systemet. Nokre få av søknadene med avslag er også retta opp og sendt på nytt. Slik er talet på unike søknader noko lågare. Det er likevel eit viktig poeng å få gjort synleg det store engasjementet og behovet for ordninga i året 2016.

For heile 2015 kom det inn 52 søknader om regional kvalifiseringsstøtte. Det betyr at talet på søknader til denne ordninga har meir enn dobla seg i 2016.

Mange av søkjarane leverte med formelle feil første gongen dei søkte, men lukkast etter kontakt og rettleiing frå fondet. Ofte var desse søkjarane SMB bedrifter med liten erfaring frå forskning. At desse ønskjer å nytte forskingsmidlar i innovasjonsarbeidet sitt vert vurdert som positivt med sikte på å bidra til omstilling i landsdelen. Dei 115 søknadene fordeler seg slik gjennom året 2016:

Søknader med tilsegn om støtte:	47
Søknader med avslag:	38
Søknader med formelle feil/avviste	30
Samla	115

Tabell 1: Mottekte søknader om kvalifiseringsstøtte

Nærare om dei vurderte søknadene

Av dei 85 søknadene utan formelle feil som har vore til fagvurdering i panel har 55 % fått tilsegn om støtte. Det er bra utteljing.

Dei 47 søknadene med støtte fordeler seg slik geografisk:

- Prosjektansvarleg i Rogaland: 17 søknader med støtte
- Prosjektansvarleg i Hordaland: 24 søknader med støtte
- Prosjektansvarleg i Sogn og Fjordane 6 søknader med støtte

3 c Støtte til søknader om regional kvalifiseringsprosjekt mottatt 2016

Prosj.nr.	Prosjekttittel	Prosjektansvarleg	Støtte x 1000 + fylke
271192	Sensor assistert prediksjon av havbølgespekteret	TRIAD AS	500 (R)
271191	Mulighetsstudie for smart SnapOn-kobling i casing/tubing	Smartcaser AS	400 (H)
271187	SHORT TIME WAVE AND VESSEL MOTION PREDICTION Pre-project to prepare main projects for development of onboard wave prediction software	DeepOcean	500 (R)
271186	Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse. Forprosjekt med kunnskapsoversikt, pilotstudie og utvikling av forskingsprosjekt	Bømlo kommune	500 (H)
271182	Koordineringsplattform for helseforebygging og helsefremming	FØRDE KOMMUNE	500 (SF)
271181	Luftkvalitet på lokalskala: mot integrerte formidlings- og tiltakssystem	Sandnes kommune	500 (R)

271180	"Sammen mot mobbing" i barnehagen: Utprøving av et universelt tiltak for forebygging, avdekking og håndtering av mobbing blant barnehagebarn	ASKØY KOMMUNE BARNEHAGE	500 (H)
271179	Metodisk avklaring omkring utnytting av lokale kilder for proteinfôr til husdyr og fiskeoppdrett i en sirkulær bioøkonomi på Vestlandet	SAMARBEIDSRÅDET FOR LANDBRUKS- ORGANISASJONANE	500 (H)
271172	Utvikle strategi for fangst av stort kamskjell i samspill med gjenutsetting av yngel for økt høsting fra bestander på Vestlandet	HOTATE AS	300 (H)
263591	Conversion of CO2 and Hydrogen to biomass and lipids for aquaculture feed	Biosentrum AS	300 (R)
263589	SeaMotion Bølgeenergi generator	SeaMotion AS	800 (R)
263588	Tilstandskontroll med fiberoptisk sensor	Karsten Moholt AS	275 (H)
263586	Destinasjonsutvikling basert på brukeroppleving - Pilot for saumlause vandreopplevingar i fjordlandskap	VISIT SOGNEFJORD AS	500 (SF)
263585	Akustisk måling ved kombinasjon av digitale sensorer og fiberoptisk "Distributed Acoustic Sensing" (DAS)	OCTIO AS	300 (H)
263584	Digitaliseringsfylket Sogn og Fjordane - Digital dokumentutveksling mellom kommunar og stat for betre tenester	VIK KOMMUNE	420 (SF)
263583	New generation of graphene based lithium ion battery for heavy vehicles and ships	CealTech AS	500 (R)
263581	Effekter av tildekking og utfyllinger på strøm og spredning i Puddefjorden, Bergen	Bergen Kommune	260 (H)
263576	Isfersk røykelaks (IceSmoke) - Ny metode for prosessering av røykelaks	ICEFRESH AS	250 (R)
263572	Marine miljøendringer og kilder til påvirkning i fjordsystemer omkring Bergen i perioden 1973-2016	BERGEN KOMMUNE	500 (H)
263570	Cost saving safety training through virtual reality	Gexcon AS	500 (H)
263569	Bølgemåling for sikrere operasjoner i offshore vindparker	AUTOMASJON OG DATA AS	800 (R)
263568	Beste hesten i klassen ? økt verdiskapning med fjordhest innen opplevelsesturisme på Vestlandet	AS Norsk Fjordhestsenter	400 (SF)
263566	På vei mot en mer kompetent kommunal innsats for innbygger med synsvansker. En modell for bedre synsfaglige tjenester i kommunen	Austevoll kommune	315 (H)
263448	Component testing for a new particle sensor prototype	PARTICULATE AS	500 (R)
263370	Alginor's Ocean Refining Total Utilizing Technology (AORTA)	Alginor ASA	480 (R)
261186	Førebygging av toksiske effektar av klimaendringar på Vestlandet	SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE	500 (SF)
260652	Berekraftig engdyrking. Auka grovforproduksjon med betre kvalitet, produsert miljø og kliavennleg	Agromiljø AS	500 (R)
260119	Økt lønnsomhet i fornybar byggoppvarming: Intelligent styring av samspill mellom lokale termiske energibærere	STORD ENGINEERING AS	798 (H)

260115	Rotasjonsfri hydraulisk rørkobling for borerør og foringsrør til boring av geotermiske brønner.	Torsion Tool Company AS	500 (R)
260113	Delings/formidlingsøkonomi og muligheter og utfordringer innen reiseliv og turisme på Vestlandet	SAMFUNNS- OG NÆRINGSLIVS-FORSKNING AS	499 (H)
260110	Flexible composites for coiled tubing	Prototech AS	500 (H)
260106	Utvikling av en bildegjenkjenningsalgoritme for avdekking av skade og fremmedobjekt i not for utvikling av et overvåkningssystem	HAVBRUKSKONSULENTENE AS	375 (R)
260105	Velferdsbasert transportteknologi for rognkjeks	JARLE TVEITEN TRANSPORT AS	670 (H)
260102	Bioinformatikkssystem for mikroalgebioreaktor system på Vestlandet	Folvengaard as	295 (SF)
260053	Mikroplast i næringskjeden - i hvilken grad er avløpsrensaneanlegg en innfallsport for mikroplast til næringskjeden på land og i vann?	IVAR IKS	800 (R)
260040	Bruk av restråstoff fra kvitefisk til spesialfôr til kveite og piggvar	HALSTENSEN GRANIT AS	415 (H)
260038	OptiSmelt - Optimalisering av produksjonsprosess og sammensetning i fast ost ved produksjon av smelteost	O KAVLI AS	300 (H)
260037	Kommunal klimatilpassing i møte med ny kunnskap og komplekse beslutningsbehov	HORDALAND FYLKESKOMMUNE	800 (H)
259967	Utvikling av robust måleteknologi for utvikling av utstyr for mer tids- og kostnadseffektive havbunnsseismikk operasjoner	WESTCON POWER AND AUTOMATION AS	300 (H)
259919	Kunnskap om fiskevelferd for anvendelse i kommersielt fiskeoppdrett	THE SEAFOOD INNOVATION CLUSTER AS	450 (H)
259918	Grøne innkjøp som drivar for lokal, bærekraftig næringsutvikling	Hordaland fylkeskommune	280 (H)
259871	Dokumentere effekt på lus av ny økologisk godkjent ingrediens i oppdrett av laks og ørret	ALLER AQUA NORWAY AS	340 (H)
259790	Technology mediated addiction recovery support: The YNWA study (You'll Never Walk Alone)	Klepp kommune	300 (R)
258895	Utvikling av ny teknologi for langtidslagring på havbunnen	Depro AS	800 (R)
258890	Utvikling av regional kompetanse og kostnadseffektive metoder for å kartlegge marin mikroplast i Bergen	Bergen Kommune	710 (H)
258671	Research into which drilling fluid parameters can be analysed real-time/online, beyond what is already developed by IMS and their partners.	INTELLIGENT MUD SOLUTIONS AS	800 (R)
258661	Makkajuice - væska som sig frå markkompost - kan det vera eit plantestyrkjande middel?	NEW WORLD HOLDING AS	300 (H)

Tabell 2: Prosjekt med tilsegn om regional kvalifiseringsstøtte

3 d Mottekne søknader om stønad til hovudprosjekt i 2016

Tematisk vart utlysingane i 2016 også for hovudprosjekt delt i to; før og etter sommaren. Dette skuldast at det nye styret i 2016 nyttar første halvår til å få fram sin eigen handlingsplan basert på den nye bestillinga frå desember 2015. Utlysinga første halvår baserte seg derfor på gammel bestilling, mens utlysingar etter sommaren 2016 baserte seg på ny bestilling og ny handlingsplan for fondet.

Samla tal på søknader

Samla kom det inn 64 søknader om hovudprosjekt i 2016. Det er litt ned frå mottaket av 71 søknader i 2015, men fleire enn dei 61 fondet tok i mot i 2014.

Mange formelle feil i søknadene

Heile 16 av desse 64 søknadene hadde formelle feil. Mykje av dette skuldast mangel på obligatoriske vedlegg som dokumentasjon av kompetanse (CV) eller samarbeide (partnarskjema), men også nokre søknader som ikkje møter føremålet med utlysinga.

Revisjon av utlysingstekst med sjekklister for krav til vedlegg, poengtering av formalkrav i alle samtaler med søkjarar og informasjon på heimesida om talet på avvisingar er mellom tiltaka som vart sett i verk for å redusere talet på formelle feil i søknadene. Mottaket av søknader i februar 2017 syner langt færre feil, og at desse tiltaka har vore vellukka.

Mottekne søknader våren 2016

Utlysinga våren 2016 hadde søknadsfrist 17. februar. Det kom inn 39 søknader. 7 søknader vart avviste grunna formelle feil. Dei vurderte søknadene våren 2016 fordeler seg slik på tema og prosjektansvarleg si adresse i fondsregionen:

	<i>Bærekraftig mat –</i>		<i>Offentlege utviklings oppgåver</i>	<i>Energi</i>	<i>Reiseliv</i>	<i>Samla</i>
	<i>Grøn</i>	<i>Blå</i>				
Søknader frå Sogn og Fjordane	1	2				3
Søknader frå Hordaland	1	8	6	2	1	18
Søknader frå Rogaland	1	2	6	2		11
Samla	3	12	12	4	1	32

Tabell 3: Søknader om hovudprosjekt vår 2016 – fordelt på utlysingstema og geografisk opphav.

Mottekne søknader hausten 2016

Utlysinga hausten 2016 hadde søknadsfrist 12. oktober. Det kom inn 25 søknader. Av desse vart 9 søknader avvist grunna formelle feil. Dei 16 søknadene som er vurdert søkte samla om kr. 62 356 000

Dei 16 søknadene som er vurdert fordeler seg slik på tema og avsenderadresse:

	<i>Kommunal sektor</i>	<i>Bærekraftig mat - bioøkonomi</i>	<i>Teknologi-basert på hav/energi</i>	<i>Samla</i>
Søknader frå Sogn og Fjordane	1	1	1	3
Søknader frå Hordaland	2	2		4
Søknader frå Rogaland	2	4	3	9
Samla	5	7	4	16

Tabell 4: Søknader om hovedprosjekt haust 2016 – fordelt på utlysingstema og geografisk opphav.

3 e Støtte til regionale bedriftsprosjekt og regionale offentlige prosjekt (hovedprosjekt) i 2016

Fylke	Nr	Prosjektnamn	Søklar	Karakter fagpanel	Vedtak inntil x 1000
R	259167	Søtkirsebær dyrka i potter i veksthus og tunnel	ANDREAS WIIG	6	3000
H	259224	Optimalisering av enzymatisk hydrolyse av marint restråstoff	Biomega AS	6	3000
H	259183	Greenbag; En ny og innovativ produksjonsplattform for lukket oppdrett	HARDING-SMOLT AS	5	3000
SF	259170	Hermetisert kjæledyrfor basert på ferske restråvarer fra autolineflåten	Frøyanes AS	5	3000
R	259057	FishGLOBE: Uttesting og dokumentasjon for oppdrett av postsmolt og behandling mot AGD og lus	FishGLOBE AS	6	3000
H	259001	Autonom offshore overvåkning av fiskeegg og larver	OFFSHORE SENSING AS	6	1000
H	259228	Utnyttelse av avfall fra marin matproduksjon til regional fornybar energi	Bergen Kommune	5	3000
SF	259221	Compost InWest	Simas Næring AD	5	3000
H	259218	Sjef i eige liv. Prestasjonsmåling for en ny tjenestemodell i Fjell kommune.	FJELL KOMMUNE OMSORG	5	3000
SF	269683	Algoritme for energieffektivisering i husholdninger	TIBBER AS	5	3000
H	269682	HordaFlom - Bedre beslutningsgrunnlag for risikostyring i flomsoner i Hordaland	BERGEN KOMMUNE	6	3000
R	269356	Utvikling av et overvåkningssystem for automatisk deteksjon av notskader	HAVBRUKS-KONSULENTE NE AS	5	2500
R	269330	Ø-hjelp -en ny tjeneste mellom kommune og spesialisthelsetjenesten	JÆREN ØYEBLIKKELEGG HJELP	5	2000
H	269292	Nye produkter og metoder som vil redusere begroing og smitterisiko på marine fiskeoppdrettsanleg	STEEN-HANSEN AS	6	3000
R	269243	Utvikling av bolig for vanskeligstilte gjennom brukervedvirkning	KARMØY KOMMUNE	5	2420
SUM					40 920

Tabell 5: 15 søknader med vedtatt støtte til Regionale bedriftsprosjekt (RB) og Regionale offentlige prosjekt (RO) med informasjon om prosjektansvarleg si adresse, støttebeløp og hovudkarakter i fagpanel.

3 f Tildelingar i sum:

Summert er det gitt slik fordeling av tildelingane i 2016 (x 1000):

Søknadstype	Tildelt 2016
Regionale bedriftsprosjekt	27 500
Regionale offentlege prosjekt	13 420
Regional kvalifiseringsstøtte	18 332
SUM	59 252

Tabell 6: Samla tildeling etter søknadstype i 2016

Søknader om regional kvalifiseringsstøtte motteke oktober – desember fekk vedtak i styremøte 24. januar 2017 og er løyvt over 2017 budsjettet. Dette er 9 prosjekt og utgjør kr. 4 200 i tilskot.

4 ØKONOMISK RAPPORT

4 a Løyvinga frå Kunnskapsdepartementet og anna finansiering

Løyving frå Kunnskapsdepartementet

RFF Vestlandet si ordinære tildeling frå Kunnskapsdepartementet utgjorde kr 38 728 000. Av desse midlane er kr. 5 800 000 frå 15%-potten, som i 2016 vart avvikla og fordelt på dei ulike fonda etter dei faste kriteria.

I tillegg vart det løyvt kr. 15 500 000 som ei eingongsløyving til Regionalt forskingsfond Vestlandet for å bidra til ytterligare omstilling i arbeids- og næringslivet.

Samla løyving frå Kunnskapsdepartementet utgjorde dermed kr. 54 228 000.

Forskotering og renter

Styret for RFF Vestlandet etablerte i 2014 ein praksis med forskotering av framtidig løyving frå Kunnskapsdepartementet som skulle vare i tre år. Målsetnaden med denne ordninga var å få «pengane i arbeid», det vil seie ut i kommunar og bedrifter. Før eit tilsegn kjem til sluttutbetaling vil det for dei større prosjekta gå fleire år. Når ein tildeler heile prosjekttilskotet frå eit budsjettår, vert det oppsamling av midlar på fondet sin konto. Med forskoteringa har fondet ønskt å få større balanse mellom tildelingar og faktisk bruk av midlar.

I 2016 Regionalt forskingsfond Vestlandet forskotterte 12 millionar kroner frå framtidige løyvingar frå Kunnskapsdepartementet. I 2016 tente fondet kr. 1 706 000 i renter.

4 b Rekneskap 2016 og disponibelt i 2017– (tal x 1000)

Resultatregnskap 2016

Resultat og balanse for Regionalt forskingsfond Vestlandet vert vist i tabell nedanfor.

Inntekter (kr.)

Løyving frå Kunnskapsdepartementet	54 228
Renteinntekt	1 706
Sum inntekter	55 934

Utgifter (kr.)

Stillingsressurs Sogn og Fjordane	800
Stillingsressurs Rogaland	400
Stillingsressurs Hordaland	1 522
Styre reiseutgifter, møtehonorar/ møtekostnad	246
Driftskostnader	9
Tenester/informasjon	113
Sekretariatet reiseutgifter	188
Utgifter regional fagpanel	171
Oppfølging søkjarar	145
Sum Administrasjon og styre	3 594
Utbetalt stønad til forskingsprosjekt	47 241
Avsetjing til driftsfond (renteberande konto)	5 099
Sum utgifter (kr.)	55 934

Nærare om administrasjons- og styringskostnader

Regionalt forskingsfond Vestlandet rekneskapsførte i 2016 kr. 3 594 000 til administrasjon og styrearbeidet. Samla kostnader til styre og administrasjon utgjør 6,6 % av løyvinga frå Kunnskapsdepartementet og er med det innan ramma departementet har fastsett med omlag 7 % av løyvinga til slike utgifter.

Balanserekneskap 2016 (x 1000)

A	Sum eigendelar 01.01)	96 222
B	Inntekter, som er løyving + renter	55 934
C	Kostnader, som er adm/styre + prosjekt	50 835
D	Sum eigendelar 31.12	101 321
E	Forskotterte framtidige løyving frå KD i 2014, 2015 og 2016	36 000
F	Sum eigendelar 31.12.2016 og forskottert løyving frå KD	137 321
G	Bundne/disponerte midlar til prosjekt	130 602
H	Disponert ut over eigendelar/gjeld	6 719

Noter:

A og D	Utskrift renteberande konto etter årsoppgjer.
B-C	For detaljar, sjå resultatrekneskap (over)
E	I tråd med styrevedtak i Handlingsplan 2016.
F	D+E = F
G	Er den sum som er disponert og ikkje utbetalt til prosjekt i følgje kontrakt
H	Differanse mellom F og G. I styremøte 24.01.17 bestemt overført til 2017.

Tilgjengelege og disponerte midlar i 2017 (x 1000)

SAMLTA TILGJENGELEG		
A	Overføring frå Kunnskapsdepartementet	39 324
B	Forventa renter	1 500
C	Midlar ikkje disponert i 2016	6 719
	Sum	47 543
DISPONERINGAR		
D	Utlysing regional kvalifiseringsstøtte – løpande frist	15 000
	Utlysing til hovudprosjekt – frist februar	24 238
	Utlysing forskarprosjekt – frist februar	5 000
E	Administrasjon og styre	3 305
	SUM	47 543

NOTER:

- A** Henta frå tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet datert 21. januar 2017. Løyvinga inneheld ei særleg ekstra satsing på kr. 5 038 000 for å bidra til omstilling i nærings- og arbeidsliv på Vestlandet. Summen er vel 5 millionar kroner lågare enn Regjeringa sitt framlegg til Statsbudsjett 2017 frå oktober 2016.
- B** Renteinntekta var 1 706 000 i 2016, og er venta noko lågare i 2017.
- C** Då Stortinget sitt budsjettvedtak om redusert løyving til fondet vart kjend, valde styret i RFF Vestlandet i møte 24. januar 2017 å justere disponeringa ved å halde tilbake noko av prosjektløyvinga som kunne vore tildelt prosjekt i 2016. Summen på kr. 6 719 000 vert å disponere til prosjektsøknader i 2017, der det alt i februar har kome stor mengde søknader.
Det er ikkje lagt opp til å vidareføre ordninga med forskotering av framtidige løyvingar.
- D** Fastsett i Handlingsplan 2017 og noko justert i styremøte 24. januar 2017.
- E** Fastsett av Fylkesrådmannen i Hordaland i samråd med Rogaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

5 RESULTATRAPPORTERING FRÅ PROSJEKTA

5 a Indikatorar med omsyn til tildeling

Sektorvis fordeling av tilskot

Fondet har arbeidd mykje med å få fram gode søknader frå kommunar, og har i stor grad lukkast med dette. Samla sett er fordelinga mellom næringsliv og offentleg sektor likevel framleis slik at den langt største delen av tilskotta går til bedrifter som arbeider med forskingsbasert innovasjon på Vestlandet. Tabellane under gir fleire detaljar om kostnadsstad og kategori søkjargruppe med tilsegn.

TILSEGN FORDELT PÅ SEKTOR

Sektor	kvalifiseringsprosjekt	hovudprosjekt	sum prosjekt
Næring	32	10	42
Offentleg sektor	14	5	19
Instituttsektoren	1		1
UiH sektoren			
Samla	47	15	62

Tabell 7 : Tabellen viser tal kvalifiseringsprosjekt og hovudprosjekt fordelt på fire søkjarkategoriar (godkjent prosjektansvarleg).

Fondet hadde i 2016 alle sine utlysingar retta mot bedrifter eller kommunar som i all hovudsak samarbeider med forskingsmiljøa. Berre eit unnatak vart gjort, då det vart opna for forskingsinstitusjonar å stå som søkjar gil utlysinga innan temaet *reiseliv*. Den eine søknaden frå instituttsektoren (over) er innan reiseliv, og kjem frå SNF i Bergen.

SUM STØTTE FORDELT PÅ SEKTOR

Sektor	kvalifiseringsprosjekt	hovudprosjekt	Sum
Næring	12 948	27 500	40 448
Offentleg sektor	4 885	13 420	18 305
Instituttsektoren	499		499
UiH sektoren			
Samla	18 332	40 920	59 252

Tabell 8 : Fordeling av midlar til sektor og type prosjekt. 9 av forprosjekta i tabell 7 (over) er finansiert over 2017 budsjett

Kjønnsfordeling prosjektleiarane

Det var 62 søknader med tilsegn om stønad i 2016. Kjønnsfordelinga for prosjektleiarar viser samla at 34 % var kvinner. Det er litt nedgang frå 2015, då samla kvinnedel var 41 %, men er betre enn i 2014 – der det berre var 24 % kvinnelege prosjektleiarar.

KJØNNFORDELING PROSJEKLEIARAR 2016				
	Kvinner	Menn	Sum	Kvinnedel
Hovudprosjekt	5	10	15	33
Kvalifiseringsprosjekt	16	31	47	34
Totalt	21	41	62	34

Tabell 9 : Fordeling mellom kvinner og menn i rolla som prosjektleiar – nye tilsegn 2016

5 b Status for avslutning av prosjekt

Status for hovudprosjekta:

- Prosjekt med tilsegn i 2010: Alle prosjekt frå 2010 er fagleg rapportert. 1 prosjekt har ikkje fått godkjent økonomirapporten sin grunna personalendring, sjukdom og anna. Venta våren 2017.
- Prosjekt med tilsegn i 2011: Av dei 13 prosjekt med tilsegn er 2 som endå ikkje har sluttrapportert tilfredsstillade. Det er dialog med desse, og endeleg rapport er venta våren 2017.
- Prosjekt med tilsegn i 2012: Av dei 9 prosjekta frå dette året er 3 prosjekt framleis ikkje avslutta. Det eine prosjektet er kraftig forsinka, og får frist til mai 2017. Dei to siste vil avslutte i mars og juli 2017.
- Prosjekt med tilsegn i 2013: Av 11 prosjekt er 5 framleis aktive. 4 av desse vil rapportere innan september 2017, medan eit prosjekt vart totalt omstrukturert og godkjent i ny styrebehandling. Dette prosjektet vert ikkje avslutta før i 2018. Eit av prosjekta hadde prosjektansvarleg som gjekk konkurs seinhausten 2015 (sjå årsrapport 2015). RFF Vestlandet leverte krav til bustyret grunna manglande rapportering av forskot til prosjektet, men nådde ikkje opp mellom kreditorane.
- 1 prosjekt frå 2014 er avslutta. Ingen av prosjekta frå 2015 eller 2016 er avslutta.

Status for kvalifiseringsprosjekta:

Alle kvalifiseringsprosjekt med tilsegn før 2015 er avslutta eller kansellert. Nokre få prosjekt saknar formell avslutning, som vil bli avklara mars 2017.

- Prosjekt med tilsegn i 2015: 5 prosjekt er ikkje avslutta. 4 av desse skule vore avslutta seinast hausten 2016. Eit prosjekt har fått frist i 2017. Det er etablert dialog med desse.
- Av dei 47 prosjekta frå 2016 er det 2 som skule ha rapportert i 2016. Begge desse er forsinka.

5 c Resultat frå prosjekta på sentrale indikatorar

Dei regionale forskingsfonda har i fellesskap innført ei ny rapporteringsordning. Prosjekta rapporterer nå framdrift og resultat gjennom eit digitalt verktøy. Vi ser at svarprosenten er høgare og at tala som kjem ut er meir presise. Tabellen under viser resultatinformasjon frå 60 aktive hovudprosjekt.

INNMELDTE RESULTAT FRÅ AKTIVE HOVUDPROSJEKT

60 rapporterte hovudprosjekt	Resultat i 2016
Rapporter, foredrag, presentasjoner fra faglige møter	91
Publiserte foredrag fra internasjonale møter/konferanser	29
Publiserte foredrag fra nasjonale møter/konferanser	45
Utgitte bøker	6
Publiserte artikler i andre faglige tidsskrifter	9
Publiserte artikler i vitenskapelige tidsskrift	15
Antall samarbeidende bedrifter som har innført nye/forbedrede teknologier/prosesser/tjenester som følge av prosjektet	36
Antall bedrifter eller andre organisasjoner utenfor prosjektet som har innført nye/forbedrede teknologier/prosesser/tjenester	16
Innføring av nye, forbedrede metoder/modeller/teknologier for økt verdiskaping	21
Nye forretningsområder i eksisterende bedrift	7
Ny virksomhet/foretak som følge av prosjektet	2
Inngåtte lisensieringskontrakter	2
Registrerte patenter som følge av prosjektet	5
Ferdigstilte nye/forbedrede tjenester	5
Ferdigstilte nye/forbedrede prosesser	15
Kommersielle resultater med bidrag fra prosjektet	11

Antall oppslag i massemedia	82
Antall almenrettede formidlingstiltak	109
Resultatformidling – antall formidlingstiltak gjennomført mot relevante målgrupper	277

Tabell 10: Resultatindikatorar frå 2016 for alle aktive hovudprosjekt

5 d Finansiering av prosjekt – egne og andre sine midlar

Det er ønskeleg å få fram kor mykje finansiering frå andre private aktørar enn prosjektansvarleg sjølve som eit prosjekt løyser ut. Ein slik parameter fortel mykje om vilje til risiko og potensial for seinare verdiskaping. Tabellen viser fordeling av økonomisk innsats i 15 hovudprosjekt støtta i 2016. Det er interessant å merke seg at 38 % (kr. 10 459 000) av den private finansieringa kjem frå andre bedrifter enn prosjektansvarleg. Ein ser også at Skattefunn kunne vore meir nytta.

	Total kostnad	Finansiering Prosjektansvarleg	Anna privat finansiering	RFF Vestlandet	Skattefunn
Bedriftsprosjekt 2016	56 483	16 743	10 459	27 500	1 781
	Total kostnad	Finansiering Prosjektansvarleg	Anna finansiering	RFF Vestlandet	
Kommunale prosjekt 2016	21 385	2572	5393	13 420	

Tabell 11: Eigenfinansiering og tiltrekking av finansiell medverknad frå andre. Femner alle hovudprosjekt med tilsegn i 2016; 10 bedriftsprosjekt og 5 kommunale prosjekt. Basert på søknad. Det kan vere noko endring i samband med kontrakt. For kommunale prosjekt inkluderer «Anna finansiering» både offentlege og private midlar.

5 e Rekruttering til andre virkemidlar

Regionalt forskingsfond Vestlandet arbeider for aktørar på Vestlandet også skal ta bruk andre virkemidlar. Kunnskapsdepartementet har særleg bedt om at fonda skal medverke til auka mengde gode søknader til EU sitt forskings- og innovasjonsprogram Horisont 2020.

Skattefunn

Regionalt forskingsfond Vestlandet har motivert søkjarar frå næringslivet om å vurdere Skattefunn i sine prosjekt. Slik ønskjer fondet å rekruttere bedriftene til å nytte denne ordninga. Søkjarane vert rettleie i ordninga med Skattefunn dersom dei treng dette. Her er Forskringsrådet sine regionale representantar viktige samarbeidspartar. Etter at Regionalt forskingsfond Vestlandet opna opp for at fondet under visse føresetnader kunne dekke opp til 70% av kostnadene i eit bedriftsprosjekt, har bruken av Skattefunn gått noko ned i prosjekt som vert støtta av fondet.

VRI

Det er lagt vekt på ei nær kopling mellom Regionale forskingsfond Vestlandet og dei fylkesvise VRI prosjekta. Det er årleg gjennomført eit fellesmøte mellom VRI prosjekta i dei tre fylka som utgjør fondsregionen på Vestlandet og Regionalt forskingsfond Vestlandet. Dette møtet vart i 2016 halde i Bergen 12. og 13 september. Tema var informasjon om ny bestilling og handlingsplan for RFF Vestlandet og korleis VRI kan arbeide for å mobilisere fleire gode forskingsøknader frå Vestlandet. Det har også vore jamlege telefonmøte mellom dei tre VRI prosjektleiarane og sekretariatsleiar for RFF Vestlandet.

Mobilisering til Horisont 2020

Regionalt forskingsfond Vestlandet føreset at kvalifiseringsprosjekta som får regional kvalifiseringsstøtte skal føre til seinare forskingsarbeide, ikkje berre støtta av vårt eige fond. Både Forskringsrådet og Horisont 2020 er i mange tilfelle vel så aktuelle ordningar for ei slik vidareføring.

Kunnskapsdepartementet har i tilsegnsbrevet for 2016 bedt dei regionale fonda om å rette ei særleg innsats for å mobilisere til Horisont 2020, og gi rapport om dette arbeidet i årsrapporten.

Regionalt forskingsfond Vestlandet har løyst dette på følgjande måte i 2016:

- Informasjon om Horisont 2020 har vore ein viktig del av mobiliseringsarbeidet på søkjarkurs, prosjektverkstader og i individuelle møte.
- Sekretariatsleiar Jone Engelsvold er styremedlem i det Forskningsrådsstøtta nettverksprosjektet Horisont Vest, som mobiliserer inn mot næringsklynger i Hordaland og Rogaland.
- Sekretariatsleiar Jone Engelsvold har i rolla som forskingskoordinator i Hordaland fylkeskommune leia det regionale samarbeidet med mobilisering til Horisont 2020 i Hordaland. Dette er mellom anna gjort ved å leie av Mobiliserings- og koordineringsgruppe med deltakarar frå Innovasjon Norge, Forskningsrådet, Universitetet i Bergen, Hordaland fylkeskommune, Høgskulen på Vestlandet, Bergen kommune og Bergen Teknologeutvikling. Vidare har han vore administrativt ansvarleg for eit konkret mobiliseringsprosjekt med utgangspunkt i dette samarbeidet. Her er det med BTO som prosjektleiar, og i nært samspel med dei andre partane i arbeidet, gjennomført ei kartlegging av kapasitet og interesser for Horisont 2020 i Hordaland, gjennomført 3 tematiske workshops og etablert ein «Helpdesk Horisont 2020», der interesserte aktørar kvar anna veke kan møte folk som kan rettleie potensielle søkjarar. «Helpdesken» har fast tilhald i BTO Nyskapingsparken, nær der både bedrifter, forskingsmiljø og klyngeorganisasjonane er lokalisert.
- 11 av 60 aktive prosjekt med støtte frå RFF Vestlandet planlegg ei vidareføring av forskingsarbeidet inn mot Horisont 2020

Satsinga på Horisont 2020 syner seg i følgjande resultat vi har registrert, der både Hordaland og Rogaland kjem relativt godt ut samanlikna med andre fylke:

H2020: Resultater pr fylke i søknader

Fylke	ANT. DELTAKELSER			EU-STØTTE	ANT. KOORDINATORER	
	i søknader	i innstilte prosjekter	Suksessrate deltakelser	i innstilte prosjekter (mill. euro)	i søknader	i innstilte prosjekter
Oslo	1 433	181	12,6%	73,5	409	46
Sør-Trøndelag	1 133	179	15,8%	93,3	320	46
Akershus	596	135	22,7%	56,4	111	15
Hordaland	502	102	20,3%	41,9	153	20
Troms	258	29	11,2%	7,2	72	3
Rogaland	177	24	13,6%	13,3	66	4
Østfold	76	14	18,4%	35,3	24	4
Vest-Agder	110	16	14,5%	6,7	29	5
Buskerud	97	16	16,5%	4,8	11	2
Telemark	48	7	14,6%	2,9	19	1
Vestfold	54	6	11,1%	1,1	13	2
Hedmark	43	2	4,7%	1,3	11	1
Nordland	36	9	25,0%	4,2	9	2
Oppland	37	6	16,2%	2,6	5	
Sogn og Fjordane	34	2	5,9%	0,6	5	
Møre og Romsdal	44	9	20,5%	2,8	9	
Nord-Trøndelag	28	3	10,7%	0,6	3	
Aust-Agder	29	4	13,8%	0,6	9	1
Finnmark	4	1	25,0%	0,1		
Svalbard	5	2	40,0%	0,2		
Ukjent	18				12	
Sum:	4 762	747	15,7%	349,4	1290	152

Tabell 12: Horisont 2020 – Resultat per fylke, oktober 2016. Datakilde: eCordas H2020 søknadsdatabase (Kommissjonen)

Samarbeide med andre program

Eit kvalifiseringsprosjekt i RFF Vestlandet kan gjerne vere kvalifiseringsstønad til anna program eller virkemiddelområde enn det som fondet sjølv kan tilby. Andre program i Forskingsrådet eller ulike program innan Innovasjon Noreg er slike muligheiter som fondet informerer søkjarar og prosjekteigarar om.

Fondet arbeider løpande med å finne ei tydeleg og komplementær rolle i høve til resten av det regionale virkemiddelapparatet. Plasseringa av fondet i fylkeskommunen legg det godt til rette å kople fondsarbeidet mot fylkeskommunale virkemiddelordningar. Likeeins vert det arbeidd med å knyte fondet sitt arbeid opp mot Innovasjon Noreg.

6 RESULTAT FRÅ OPERATIVE MÅL I HANDLINGSPLAN 2016

Handlingsplanen for RFF Vestlandet 2016 hadde fleire operative mål det er arbeidd med. Under følgjer ei vurdering av dei resultat som er nådd:

MÅLOMRÅDE	MÅL	VURDERING AV RESULTAT
Finansiering	Starte opp 8-9 nye regionale offentlege og bedriftsprosjekt innan dei tematiske områda for bestillinga	Det vart løyvt midlar til 10 regionale bedriftsprosjekt og 5 regionale offentlege prosjekt. 9 prosjekt fekk kontrakt og starta opp hausten 2016. Dei siste 6 er under oppstart.
	90% av dei løyvde kvalifiserings-søknadene resulterer i ein søknad til ein relevant ordning.	Dette punktet vil bli følgt opp ved rapportering i 2017.
Mobilisering	Årleg gjennomføre kombinerte informasjonsmøte og kurs i søknadsskriving, eller tilsvarande tiltak, før større utlysingar, i kvart fylke	Gjennomført i alle tre fylka.
	Årleg arrangere minst eitt prosjektutviklingsverkstad i kvart fylke, i samarbeid med Forskingsrådet og/eller andre aktørar	Gjennomført i samarbeide med Forskingsrådet i Hordaland og Sogn og fjordane. I Rogaland har det vore samarbeide med VRI prosjektet.
	Aktivt løfte fram gode eksempel på søknadar, resultat og innovasjonar	Vert arbeidd med kontinuerleg. Sjå avsnitt om kommunikasjonsarbeidet.
	Informere om fondet på relevante møte, kurs og konferansar i dei tre fylka	Sekretariatet deltek på ei rekke møte, kurs og konferansar der det vert informert om fondet.
	Informere om moglegheiter for forskingsfinansiering og kursring i prosjektutvikling og søknadsskriving gjennom fondet si nettside, nyhendebrev og andre kanalar	Gjennomført. Sjå avsnitt om kommunikasjonsarbeidet.
	Samarbeide tett med strategiske samarbeidspartnarar frå	Eit årleg koordinert samarbeide mellom RFF Vestlandet og dei

	<p>virkemiddelapparatet, næringsorganisasjonar, forskingsmiljø og andre offentlege aktørar for å nå ut til fondet sine målgrupper, inkludert kommunar</p>	<p>tre VRI prosjekta i regionen. Litt ulik innretning elles på samarbeidet i kvart fylke, men mykje fokus på dette.</p>
Kommunikasjon	<p>Årleg publisere 3 – 6 artiklar om forskingsprosjekt på forskning.no og/eller i andre medium</p>	<p>4 artiklar publisert på www.forskning.no</p>
	<p>Informere om pågåande forskingsprosjekt og resultat på fondet si nettside</p>	<p>RFF Vestlandet har katalog over prosjekt på si heimeside. Artiklar om prosjekta vert lagt til katalogen.</p>
	<p>Sikre at prosjekt som har fått støtte gjennomfører formidlingsplanen i søknaden, inkludert dei ålment retta tiltaka</p>	<p>Vert meldt i framdriftsrapport. Behov for tettare oppfølging per prosjekt. Tidskrevjande.</p>
	<p>Sende ut pressemeldingar og få ut informasjon om tildeling av midlar til nye forskingsprosjekt på fondet si nettside og nettsidene til fylkeskommunane</p>	<p>Gjennomført presseopplegg ved kvar hovudtildeling. Melding til alle større media og samarbeide med dei fylkeskommunale info avdelingane.</p>
Samhandling med andre ordningar	<p>Fondet vil legge vekt på å samordne aktiviteten inn mot andre relaterte finansieringsordningar.</p>	<p>Fokus på å informere om Skattefunn og relevante program i Forskningsrådet for oppfølging av prosjekt med regional kvalifiseringsstøtte. Kunne vore meir samordning av ordningar i regi av Innovasjon Norge.</p>
	<p>Det er særleg aktuelt å samarbeide med dei fylkeskommunale VRI- prosjekta</p>	<p>Samarbeide med VRI gjennom årleg samling og drøfting av prosjektinitiativ. Særleg fokus på koordinering av trinn i eit forskings- og innovasjonsarbeide.</p>
	<p>Mobilisere bedrifter og offentlig sektor til internasjonalt forskningssamarbeid og særleg deltaking i Horisont 2020. Forskningsfinansieringa vil til ein kvar tid bli vurdert i høve til EU sitt statsstøtteregulering og internasjonale verkøy som TRL-skalaen som EU nyttar, basert på system og metodar utvikla av Forskningsrådet.</p>	<p>Det er lagt vekt på informasjon om Horisont 2020 i prosjektverkstader og informasjonsmøte. Det har i 2016 vore langt større fokus på EU sitt regelverk for statsstøtte og trinn på TRL skala. RFF Vestlandet finansierer støttegrad opp mot 70 % etter dette regelverket.</p>

Tabell 13: Resultat knytt til operative mål i Handlingsplan for 2016